

Bårstad, Bolstad og Runningen gnr. 5, 6 og 7.



Av Knut Raastad, februar 2025



Foto: Ahlberg, Gunvor

Gudbrandsdalsmusea

Bårstad 1977. Foto: Gunvor Ahlberg / Gudbrandsdalsmusea, digitaltmuseum.no

Bårstad

Skattelister viser at Lauridzs var brukar av Bårstad (Borgestad) i åra 1610-1625.

Koppskatten 1645 nemnde Knut Borstad og hans hustru.

I 1666 vart Bårstad nemnd med skyld 3 huder og oppsitjaren var enkje. I 1668 gjekk det fram at dei 3 hudene tilhørde kongen, da var brukaren Oluff. Oluf Iversen d.ca.1667 var gift med Barba Amundsdotter, dei hadde 3 barn:

- Iver
- Anders
- Svend

Skoskatten 1711 viser at brukaren var Ole. Ole Sifersen var gift med Gunhild Pofuelsdotter, dei hadde 5 barn:

- Peder
- Sifer
- Ingebor
- Bertte
- Anne

I 1729 fekk Knut Paulsen Tolstad Øy skjøte på Bårstad skyld 3 huder for 390 rd. frå Karen Halvorsdotter Hvaleby, Hans Knutsen Haagenstad, Rolf Knutsen, Halvor Knutsen, Kari Knutsdotter og Anders Iversen Kløfstad på hustru Marte Knutsdotters vegne.

I 1734 bygsla Knut Paulsen Tolstad Øy bort Bårstad til ungar Simon Mikelsen på livstid. Likevel vart Bårstad 3 huder nemnd som ein del av buet til faren Paul Hansen Tolstad.

Simon Michelsen d.ca.1742 var gift med Gunhild Pedersdotter, dei hadde 1 barn:

- Ole f.1737

I 1744 fekk Ole Tjøstelsen skjøte på Bårstad frå Knut Paulsen Øy for 450 rd. Ole Tjøstolsen Valbjør f.ca.1714 var son til Tjøstol Torsteinsen Kleppe Valbjør f.ca.1666 d.1724 og Barbro Jakobsdtr. Austrem n. d.1740. Ole kjøpte i 1757 nordgard Holbø og flytta dit. Ole vart 1748 gift med Marit Amundsdotter, dei hadde 3 barn:

- Marit 1749-1836, g.m. Anders Andersen f.ca.1753 d.1787. På Holbø
- Barbro 1752-1754
- Barbro f.ca.1758

I 1768 var eigar av Bårstad Gulbrand Paulsen Baarstad for da hadde han lånt 540 rd. av Ole Iversen Lunde og sette garden i pant. Gudbrand Pålsen Tolstad Bårstad 1717-1800 var son til Pål Hansen Tolstad 1652-1739 og Anne Olsdotter Rusnes 1678-1732. Gulbrand vart 1753 gift med Marit Sevaldsdtr. Blakar 1736-1771 dotter til Sevald Rolvsen Blakar 1682-1764 og Anne Jonsdtr. Enersvold/Glimsdal 1704-1744. Gudbrand og Marit hadde 4 barn:

- Anne f.ca.1755
- Pål f.ca.1758

Sevald f.ca.1761

Hans f.ca.1765

Gudbrand vart gift på nytt med Mari Svendsdotter f.ca.1721 d.1772.

I 1773 selde og skjøta Gulbrand garden sin Bårstad skyld 3 huder til Ole Iversen Lunde for 835 rd. Ola Lunde 1737-1792 var gift med Guri Knutsdotter Kleppe 1732-1804 og dei hadde nigard Lunde.

I åra fram til 1791 eller 1793 var brukar på Bårstad Svend Pedersen f.ca.1746 d.1812, han må da ha vore forpaktar. Svend kjøpte i 1793 øvre Bjørnstad og flytta dit. Svend vart 1766 gift med Kari Halvorsdotter d.1786, dei hadde 2 barn:

Peder 1766-1855, g.m. Anne Olsdr. f.ca.1770 d.1822, på Bjørnstad

Thorø f.1769, g.m. Ole Endresen Myrum

Svend vart 1788 gift på nytt med Anne Olsdotter f.ca.1756, dei hadde 4 barn:

Kari f.1788

Ole f.1789

Pål f.ca.1792

Kari f.ca.1796

I 1791 var det skjøte på Bårstad 3 huder for 1000 rd. frå Ole Iversen Lunde til Ole Christensen. Ole Christensen Bjørnstad n. var son til Christen Bjørnstad 1723-1798 og Mari Olsdotter Sandbu ø-s 1727-1807. Ole 1753-1838 var gift med Kari Andersdotter Prestgard 1771-1858, dei hadde 2 barn:

Christen 1797-1868, føderådsmann på Snerle s. i 1868, hadde med Anne Paulsdr.

Bjørnstad sonen Ole f.1824

Tord f.1799, på Snerle s. g.m. Ragnhild Amundsdotter s. Harildstad 1798-1858

I 1832 makeskifta Ole Christensen med Gulbrand Hansen slik at Gulbrand fekk Bårstad og Ole sygard Snerle. I 1833 leigde Gulbrand bort Bårstad med halve sæterkvea i Bøneslien til Johan Trosdahl. Gulbrand Hansen Snerle s. 1799-1883 var son til Hans Hansen Snerle 1761-1799 og Ingrid Jacobsdr. Dale ø 1770-1859, han var gift med Ragnhild Pålsdotter Bjørnstad n 1795-1880 dotter til Pål Christensen Bjørnstad 1750-1831 og Guri Guttormsdr. Aasaaren 1773-1857. Gulbrand og Ragnhild kom seinare til Steinfinnsbø, dei hadde 6 barn:

Ingri f.1817

Hans f.1818

Guri f.1821

Mari f.1824, g.m. Iver Ekre

Iver f.1828

Pål f.1830

Christen Paulsen Bjørnstad som verge for svogeren Gulbrand Hansen selde i 1838 Bårstad til broren Guttorm Paulsen Bjørnstad for 1300 spd. Guttorm Paulsen Bjørnstad 1807-1883 son til Pål Christensen Bjørnstad 1750-1831 og Guri Guttormsdr. Aasaaren 1773-1857 vart 1841 gift med Mari Svendsdotter Bolstad 1810-1876 dotter til Svend Olsen Bolstad f.ca.1771 d.1842 og Mari Hansdr. f.ca.1786 d.1864. I 1865 vart Guttorm nemnd som gardbrukar og sjølveigar, i 1875 var han og Mari inderst på Rynningen.

I 1859 vart Bårstad delt, og Guttorm Paulsen skjøta attende den største delen søre Bårstad løpenr. 7 a til Gulbrand Hansen. Løpenr. 7 b heldt Guttorm Paulsen att sjølv, dette kom saman med 7 a att ved auksjonsskjøte i 1869.

Bårstad nørde

Løpenr. 7 c gnr. 5 bnr. 3 den minste delen vart i 1859 seld til Anders Svendsen som var svogeren til Guttorm Paulsen. Anders Svendsen Bolstad 1820-1914 var son til Sven Olsen Bolstad f.ca.1771 d.1842 og Marit Hansdtr. f.ca.1786 d.1864. Ved barnefødsler i 1847 og 1850 var familien gardbrukarar i nedre Lien og i 1854 og 1860 på Bårstad. I 1875 og 1900 var Anders husmann på Bolstadenget. Anders vart 1845 gift med Ingri Knutsdotter Stade 1819-1884 dotter til Knut Hansen Stade n og 1780-1857 og Ågot Olsdotter Siem 1797-1883.

Anders og Ingri hadde 7 barn:

Mari f.1846

Aagot f.1847

Svend f.1850

Imbjør f.1854

Knut f.1855

Kari f.1858, g.m. Anders Hansen Jevne f.1851

Hans 1860-1951, g.m. Anne Pedersen, Storøygard, Heidal 1863-1950, til USA

I 1867 var det skjøte på 7 c frå Anders Svendsen til Peder Thorsen Bjørnstad for 650 spd. Peder f.1831 son til Thor Erlandsen Lien f.ca.1788 d.1842 og Gunhild Rasmusdtr. Bjørnstad ø 1796-1871 var gift med Ingebjørg Johannesdatter. Dei hadde 6 barn:

Rønnaug f.1855

Gunild f.1859, g.m. Knut Hansen Bolstad/Runningen f.1862, til Enge

Thor f.1861

Johannes f.1861

Hans f.1866, neste brukar

Peder f.1875

Hans P Baarstad overtok Bårstad 7 c, gnr. 5 bnr. 3, frå faren for kr 1400 med kjøpekontrakt i 1897. I 1899 leigde Hans P Baarstad bort einerett til drift av kleber for 19 år til aksjeselskapet Norsk kleber og skiferforretning. Havrebakken gnr. 5 bnr. 8 vart 1910 frådelt frå Bårstad gnr. 5 bnr. 2 med skjøte frå Amund O Baarstad til Hans P Baarstad for kr 600. Hans P Bårstad 1866-1938 var gift med Mari Larsdotter Lien 1869-1943 dotter til Lars Østensen Hovda, Heidal 1830-1883 og Anne Erlandsdtr. Lien f.1844. Hans og Mari overtok øvre Lien der ho kom frå, dei hadde 8 barn:

Peder 1897-1978, neste brukar

Ludvig f.1898

Anne f.1902

Gunild f.1903

Johannes 1907-1985, g.m. Marit Skaug f.1918. Til Nerlien.

Hans 1917-1932

Inga

Erland

I 1915 overtok Østlandske steneksport nordre Baarstad gnr. 5 bnr. 3 samt Havrebakken gnr. 5 bnr. 8.

Bårstad søre

I 1861 var det skjøte på Bårstad 7 a frå Gulbrand Hansen til sonen Paul Gulbrandsen Steinformsbø.

I 1866 var det skjøte på Bårstad 7 a frå Paul G Steinformsbø til Amund Engebretsen Hyrve for 1000 spd. Amund Engebretsen f.ca.1830 var gift med Marit Erlandsdotter f.ca.1830, dei hadde 4 barn:

Rolf f.ca.1854

Engbrekt f.ca.1859

Imbjør f.1864

Erland f.1866

I 1869 var det skjøte på 7 a frå Amund Engebretsen til Ole Olsen Haaven for 760 spd. Same året fekk Ole Olsen Haaven auksjonsskjøte på 7 b for 540 spd. Ole Haaven f.1828 frå Skjåk var gift med Kari Amundsdotter Bu f.1835 frå Sel, dei hadde 4 barn:

Guro f.1856

Kari f.1860

Oline (Lina) f.1865, g.m. Nils H Sveine, til Sveinlykkja og Pillarviken

Amund f.1870, neste brukar

I 1905 var det skjøte på Bårstad gnr. 5 bnr. 1 og 2 frå Ole O Baarstads enkje Kari Amundsdotter og arvingar til medarving Amund O Baarstad for kr 6600. Amund var gift med Guri Haugstulen f.1885, dei hadde 2 barn:

Kari f.1906

Ole f.1908

Amund O Baarstad selde i 1916 Bårstad gnr. 5 bnr. 1 og 2 til Østlandske Steneksport as for kr 20000.

Gabriel Kvamme forpakta i 1922 den dyrka jorda på nordre og søre Baarstad samt Svastugu for tre år.

Øyvind Skogum kjøpte Bårstad gnr. 5 bnr. 1 av Granit AS i 1990. Øyvind Skogum f.1936, son til Østen Skogum f.1893 og Anna Stadløyken f.1899 vart 1962 gift med Barbro Sveen, Lom f.1946 dotter til Ola Sveen f.1913 og Louise Gjeilojordet f.1916. Øyvind og Barbro hadde 4 barn:

Ole Øystein f.1962, sbm Gro Anita Stade

Leif Arne f.1964, g.m. Eva Skreden

Bjørn Erik f.1967, g.m. May Sissel Randen

Per Øyvind f.1973

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå og Lom

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Digitalarkivet: Panteregister
Utskrifter tingbøker
Norske gardsbruk 1953-1997

Svastugu

Anders Olsen vart i liste over husmannspengar nemnd som husmann under Bårstad 1832 og 1833. Anders Olsen Baarstadeige f.ca.1790 d.1846 var son til Ole Andersen. Anders vart 1829 gift med Kari Knutsdotter Baarstad f.ca.1800 d.1878. Kari var i 1865 og 1875 føderådskone. Anders og Kari hadde 1 barn:

Mari 1829-1889, neste brukar

Mari vart 1846 gift med Hans Arnesen Skogum Bjølstadeige f.ca.1811 son til Arne Østensen Skogum. Hans var i 1865 og 1875 husmann med jord. Hans og Mari hadde 4 barn:

Anders f.1847
Arne f.1852
Knut f.1855
Ole f.1864

Enkja Mari Larsdotter f.1863 var i 1900 husmann med jord. Mari Larsdotter Holbøseige Sveen var dotter til Lars Paulsen Sveen s. f.1824 og Mari Iversdotter Ulsletten 1840-1908. Mari vart 1885 gift i Skjåk med Sylfest Amundsen Kjekken f.1848 son til Amund Amundsen. I 1991 var familien på Sveen, truleg Nystugu/Hagen. Mari og Sylfest hadde 2 barn:

Amund f.1885
Ragnhild f.1887

Svastugu gnr. 5 bnr. 5 vart frådelt frå Bårstad gnr. 5 bnr. 2 i 1904 med skjøte 1905 frå Amund O Baarstad til Johannes Engebretsen for kr 1600. Hagene gnr. 5 bnr. 6 vart frådelt frå Bårstad gnr. 5 bnr. 1 i 1910 med skjøte i 1911 frå Amund Baarstad til Johannes Engebretsen for kr 600. Johannes f.1875 frå Ringeby var i 1910 gardbrukar og klebbersteinskjørar. Johannes var gift med Anna f.1874 frå Heidal, dei hadde 3 barn:

Ingebret f.1904
Ragnhild f.1907
Anders f.1910

I 1917 var det skjøte frå Johs. E Svastuen på bnr. 5 og 6 til Østlandske steneeksport for kr 20000.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar, kyrkjebøker mm.
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Steinstugu

Stener Knutsen f.ca.1819 d.1890 var i 1865 og 1875 husmann med jord. Steinar Knutsten Snerleeige Svarvarhaugen var son til Knut Knutsen Snerleeige. Steinar vart 1847 gift med Guri Olsdotter f.ca.1827 dotter til Ole Olsen Sandbueige. Ved barnefødsler var Dteinar og Guri på Baarstadeige frå 1857. Steinar og Guri hadde 7 barn:

- Knut f.1849
- Marit f.1851
- Anne f.1854, neste brukar
- Ole f.1857
- Brit f.1860
- Kari f.1864
- Paul f.1870

Anne vart 1876 gift med Christoffer Knutsen Stadeløkken f.1850 son til Knut Christophersen Steadeløkken. Kristoffer var i 1900 husmann i Stenstuen under Bårstad. Ved barnefødsel var Kristoffer og Anne på Bårstadeige i 1898, før dette var dei understar i Stadelykkja. Kristoffer og Anne hadde 8 barn:

- Ragnild f.1876
- Guri f.1878, ugift i 1900, hadde dottera Kristine Albrektsdtr. f.1900
- Knut f.1881
- Stener f.1884
- Ole f.1888
- Kristian f.1891
- Kari f.1895
- Nils f.1898

Kristoffer hadde før ekteskapet 1 barn:

- Simon f.1876, mora var Rønnaug Simonsdtr. Sæta

Stenstuen gnr. 5 bnr. 7 vart frådelt frå Bårstad gnr. 5 bnr. 1 i 1910 med skjøte frå Amund O Baarstad til Hans Teigen for kr 1000. I 1900 var Hans Pedersen husmann på øvre Teigen under Tolstad. Hans Pedersen Skårseie 1858-1946 var son til Peder Hansen. Hans vart 1884 gift med Rønnaug Syversdotter Tolstadeie Sagdalen f.1859 dotter til Syver Arnesen. I 1900 var dei husmannsfolk på Teigen under Taulstad. I 1920 var Hans jordbrukar i Steinstugu. Hans og Rønnaug hadde 5 barn:

- Ingri f.1880
- Syver f.1885
- Peder f.1888
- Mathias f.1896, neste eigar
- Anne f.1900

I 1937 var det skjøte frå Hans P Stenstuen d.1946 til sonen Mathias Stenstuen for kr 2000. Hans og Rønnaug Stenstuen fekk føderåd verdsett til kr 1500. Mathias var gift med Torø Kvamme 1906-1984. Dei kom til Imbertlykkja.

I 1946 var det skjøte frå Mathias Stenstuen til Østlandske steneksport for kr 30000.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketellingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bolstad

Skattelister viser at Simen var brukar av Bolstad i åra 1610-1625.

I 1645 var det ei enkje som var brukar av Boelstad.

I 1660 var det skifte etter avdøde Simen Engelbretsen og avdøde Ingebor Johannesdotter Blessom, dei hadde 7 barn:

Johannes, f.ca.1625, tenestekar på Bolstad i 1666

Engelbret, neste brukar

Fredrik, f.ca.1645, tenestekar på Bolstad i 1666

Povel

Anne

Ingri

Marit, g.m. Peder Laurissen Snerle

Sonen Ingelbret Simensen døydde berre nokre år seinare, det var skifte etter han i 1667. Ingelbret Simensen var gift med Anne Jacobsdotter Kvarberg d.før 1698 dotter til Jakob Larsen Kvarberg f.ca.1575 d.ca.1660. I 1666 var det enkja som var oppsitjar, medan Ingelbret vart nemnd som brukar i 1668 sjølv om han alt var død. Ingelbret brukte 5 huder, av dette tilhørde 4 huder prestebolet, medan 1 hud som truleg var Ragnhildengenget tilhørde Johans Rudi. Engebret og Anne hadde 3 barn:

Simen

Rønne

Ingebjørg

Anne Jakobsdotter vart gift på nytt med Olluf Laurisen Snerle (skifte 1678), bror til Peder Laurissen Snerle. Ut frå skiftet ser det ikkje ut til at Olluf hadde barn.

I 1681 var det synfaring der skylda som prestbolet eigde vart nedsett frå 4 huder til 2 ½ huder p.g.a. at det ikkje finst vatningsvatn. I 1682 bytte Sjugurd Rudi bort 1 hud i Ragnhildengenget under Bolstad til presten Eggert Stockflet.

I 1684 var det skifte etter Johannes Ollufsen mellom hans hustru Siri Laurisdr. og den avdøde mannens morsyster Mari Olsdr.

I 1708 var det skifte etter Lauris Jonsson og hans etterlatte hustru Kari Johannesdotter Blessom n.. Lars Jonsen d.før 1708 var frå Haugøy, son til Jon Olsen Haugøy f.1585 d.1684 og Rønnaug d.y. Jakobsdr. nig. Kvarberg d.før 1684. Lars og Kari hadde 4 barn:

Johannes d.1719, g.m. Torø Larsdr. nigard Ner-Øy, til Haugøy

Rønnog, g.m. Siver nedre Bjørnstad
Gjertru, g.m. Simen Forset i Gausdal
Marit

Rønnaug Larsdotter (skifte 1724) var gift med Siver Paulsen nedre Bjørnstad f.ca.1662 d.1740, og han stod som brukar i 1711. Rønnaug og Siver hadde 4 barn:

Rønnoug 1709

Poul f.ca.1711 d.1779, neste brukar

Lars f.ca.1719 d.1751, g.m. Randi Gulbrandsdtr. Snerle f.1720 m. Til Sørlien og Kjølstad.

Christen f.ca.1723

Det var skifte etter Rønnaug Larsdotter i 1724, og Siver Paulsen vart gift på nytt med Marit Siversdotter (skifte 1738), dei hadde 2 barn:

Rønnoug f.ca.1728

Berit f.ca.1728

Povel Siversen Bolstad f.ca.1711 d.1779 overtok i 1737 bygselen på Bolstad skyld 2 ½ hud etter faren. Ragnhildenget 1 hud må ha vorte seld frå presten Stochflet til Paul Hansen Tolstad 1652-1739, og 1 hud i Bolstad var med i skifte på Tolstad i 1732. I 1749 var det Ole Poulsen Kleppe (frå Taulstad) som selde Ragnhildenget til Poul Bolstad. Paul Bolstad vart 1740 gift med Marit Endrisdotter nordistugu Austrem f.ca.1717, dei hadde 6 barn:

Syver

Kari f.1744

Endre f.1749

Johannes 1749-1750

Johannes f.1753

Knut f.1756

Syver Poulsen fekk i 1763 bygsel på Bolstad 2 huder 6 skinn frå presten Johan Storm, faren hadde hatt bygselen før. Det kan vera Siver Poulsen som i 1762 vart gift med Karen Guttormsdotter (kanskje frå uppistugu Håmår), dei hadde 4 barn:

Marit f.1767

Kirsti f.1769

Rønnaug f.1771

Anne f.1774

I 1776 selde Syver og faren Poul engelandet Ragnhildenget 1 hud til Paul Hansen Tolstad for 153 rd. Og sidan følgde Ragnhildenget Tolstadfamilien (Tord Paulsen frå 1801, Hans Paulsen frå 1804, Ole Hansen frå 1810) og ved skifte i 1869 vart Ragnhildenget overført frå Paul Hansen til Hans Paulsen. Seinare vart Ragnhildenget samanføyd med Tolstad til eitt matrikelnummer.

I 1777 bygsla presten Munch bort Bolstad til Ole Svensen Lien. Syver Poulsen hadde før hatt bygselen og foreldra hans skulle ha fødreåd. Ole Svendsen f.ca.1729 d.1804 var gift med Mari Hansdotter Høye, Ringebu 1734-1789 dotter til Hans Guttormsen Høye. Ole og Mari hadde 6 barn:

Johannes f.ca.1762 d.1837, neste brukar

Gulbrand f.1765
Hans f.ca.1768
Svend f.ca.1771 d.1842, seinare brukar
Imbjør, g.m. Peder Østensen Ryen
Marit f.ca.1776

Skiftebrev etter Ole Svendsen Bolstad i 1805 viser at sønnene Hans og Gulbrand overtok søndre Lien skyld 9 skinn for 300 rd. Men Johannes har truleg overteke att delen til Hans, for i 1807 har Johannes og Gulbrand overdrege eit stykkje uoppdyrka mark under søndre Lien til broren Hans Olsen som skulle byggje ein plass der.

I 1804 bygsla sokneprest Wang bort Bolstad 2 huder 6 skinn til ungkar Johannes Olsen og forventande hustru. Men Johannes hadde bygselen av Bolstad berre til 1812. Johannes vart 1804 gift med Mari Poulsdotter Slette 1769-1852, dei hadde 4 barn:

Ole 1805-1891, g.m. Ymbjør Pålsdr. Stokstad f.1813. I Bolstadlykkja.
Poul f.1806
Hans f.1810, g.m. Ragnhild Olsdotter Bakken f.1814. Til Øyhusom.
Jacob 1813-1814

Johannes hadde med Marit Halvorsdr. 1 barn:
Mari f.1804

I 1812 overtok Sven Olsen bygselen av Bolstad etter broren Johannes som da fekk føderåd. Svend Olsen vart i 1807 gift med Mari Hansdotter f.ca.1786 d.1864, dei hadde 8 barn:

Ole f.ca.1807, ugift føderådsmann i 1865
Mari 1810-1876, g.m. Guttorm Paulsen Baarstad f.ca.1807 d.1883, på Rydningen
Marit f.1814, g.m. Østen Arnesen Skogum f.1812
Hans f.1816, neste brukar
Poul 1819-1819
Anders f.1820, g.m. Ingrid Knutsdr. Stade n. f.1819, til Bårstad og Bolstadengen.
Ingeborg 1824-1912, g.m. Semon Hansen Tolstad 1802-1883. Til Aaseng
Poul f.1826, g.m. Marit Tjøstelsen nig. Hammer f.1828, i Hammerlykkja i 1875

Hans Svendsen fekk kongeleg skjøte på Bolstad i 1842 for 600 spd., føderådskontrakt til foreldra vart tinglyst i 1844. Hans Svendsen Bolstad f.1816 vart 1847 gift med Ingebjørg Knutsdotter Stade n. 1823-1910 dotter til Knut Hansen Stade 1780-1857 og Ågot Olsdr. Siem 1797-1883. I 1865 var Hans og Ingebjørg eigarar og brukarar av Bolstad. I 1875 budde dei på Rydningen, i 1900 på Bolstadengen. Hans og Ingebjørg hadde 7 barn:

Svend f.1850, g.m. Ragnhild Olsdr. Blesomlykkja f.1856
Knut 1851-1852
Aagot f.ca.1853
Knut 1857-1858
Mari f.1860
Knut f.1862, g.m. Gunild Pedersdr. Bårstad f.1859. Til Enge
Ingebjørg f.1865

I 1872 var det auksjonsskjøte til Ole Østensen Roven for 1350 spd. Ole Østensen Roven f.1820 var frå Fron, son til Østen Olsen Roven frå Sødorp. Ole var ugift og saman med han budde den ugifte systera Anne Østensdr. Roven f.1834 d.etter 1900.

I 1897 fekk Østen Olsen Løvsletten auksjonsskjøte på Bolstad for kr 5170 samt føderåd til Anne Østensdr. Roven. Østen overtok Bolstad etter onkelen Ole Østensen Roven. Østen Olsen Lauvsletten 1848-1934 frå Kvikne var son til Ola Ivarson Lauvsletten og Mari Østensdr. Roven f.1815. Østen dreiv Tøftebu frå 1877 til 1890. Han overtok Lauvsletten etter faren i 1887, men selde garden same året som han kjøpte Bolstad i 1897. Østen var gift med Ingeborg Simensdotter Tungen 1854-1930 i Kviknebaksida, dei hadde 7 barn som alle vart fødte i Nord-Fron:

Iver f.1879, neste brukar
Mari f.1881, g.m. Ole Veggum, til Amerika
Maria f.1883, g.m. Petter Seielstad, til Amerika
Ola f.1886, d.ca.1892
Sigri f.1888, g.m. Olaf Masing, Kvikne, til Amerika
Anton f.1891, g.m. Clara Ode, Sverige, til Amerika
Oline f.1894, g.m. Bernt Steinar Karlsen

Iver f.1879 overtok Bolstad i 1916. Han vart 1907 gift med Mari Kolstad.

Systerdotter til Iver Bolstad, Sigrid Karlsen f.1918 og mannen John Johnsen Lillebråten f.1918 overtok Bolstad i 1949. Sigrid Karlsen var dotter til Oline Bolstad f.1894 og lærar Bernt Steinar Karlsen. John var son til John Lillebraaten og Sina Kolstad. John og Sigrid flytta til Solstad i 1980, dei hadde 3 barn:

Steinar Jarleif f.1946, neste brukar
Ivar f.1949, g.m. Randi Lien, Sel f.1853, til Solstad
Oddny Solveig g.1956, g.m. Arve Ruste

Steinar Jarleif vart i 1969 gift med Bjørg Lien, Sel f.1950, dotter til Ottar Lien f.1925 og Målfrid Josten f.1930. Steinar og Bjørg hadde 3 barn:

John Ove f.1969, smb.m. Siv Horten
Odd 1970-1988
Ingvild f.1976

Kjelder:

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå

Digitalarkivet: Panteregister

Utskrifter tingbøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Engbret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hvaldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Enge nørdrer

Nørdrer Enge gnr. 1 bnr. 14 var truleg ein del av Ragnhildengenget som kom under Taulstad i 1776.

Pål H Øyhusom 1851-1935 var son til Hans Johannesen Bolstadløkken f.1810 og Ragnhild Olsdotter Bakken f.1814. Pål var gift med Anne Torsteinsdotter Haugen, Skjåk 1855-1914, dei kom til Enge i 1885. Pål kjøpte i 1912 jord frå Bårstad som var nedre del av Bårstadjordet, med skjøte av Enget gnr. 5 bnr. 9 for kr 2000 frå Amund O Baarstad. På Tolstadenget var Pål husmann. Pål og Anne hadde 8 barn:

Ragnhild f.1885

Ragnhild f.1886

Thea f.1888

Hans f.1890

Anton 1892-1969, neste brukar

Ole f.1894

Mari f.1897

Sverre 1900-1921

Anton fekk i 1928 skjøte frå faren på Enget gnr. 5 bnr. 9 for kr 3500 inkl. lausøyre kr 370, han skulle også ha rett til å fortsetja som husmann på Tolstadenget. Nørdre Enge vart frådelt frå Taulstad i 1947 med skjøte frå Hans Tolstad til Anton Enge for kr 2000. Anton vart 1920 gift med Anne P Kjølstad 1893-1968, dei hadde 4 barn:

Pål 1921-1943

Ingrid f.1923, g.m. Hans Snerlebakken

Arne f.1926, g.m. Paula Røssummoen

Peder f.1933, neste brukar

Peder overtok i 1959. Han er sambuar med Edit Aamelfot, Volda f.1943 dotter til Sverre Aamelfot f.1903 og Lisa Furnes f.1912.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Enge søre – Bolstadenge

Anders Svendsen Bolstad 1820-1914 kjøpte i 1859 nørdre Bårstad, dette selde han i 1867. Anders var son til Sven Olsen Bolstad f.ca.1771 d.1842 og Marit Hansdtr. f.ca.1786 d.1864. Ved barnefødsler i 1847 og 1850 var familien gardbrukarar i nedre Lien og i 1854 og 1860 på Bårstad. I 1875 og 1900 var Anders husmann på Bolstadenget. Anders vart 1845 gift med Ingri Knutsdotter Stade 1819-1884 dotter til Knut Hansen Stade n og 1780-1857 og Ågot Olsdotter Siem 1797-1883. Anders og Ingri hadde 7 barn:

Mari f.1846

Aagot f.1847

Svend f.1850

Imbjør f.1854

Knut f.1855

Kari f.1858, g.m. Anders Hansen Jevne f.1851

Hans 1860-1951, g.m. Anne Pedersen, Storøygard, Heidal 1863-1950, til USA

Knut Enge f.1862 kjøpte søre Enge i 1913. Frådeling av gnr. 6 bnr. 2 skjedde i 1922 med skjøte frå Iver Ø Bolstad til Peder K Enget for kr 1000. Same året var det skjøte frå Peder til faren Knut for kr 4000, dette omfatta også gnr. 9 bnr. 4 som var eit jordstykke som vart kjøpt frå nedre Bjørnstad i 1914. Førre brukaren Anders Svendsen var onkel til Knut som var son til Hans Svendsen Bolstad f.1816 og Ingebjørg Knutsdotter Stade n. 1823-1910. Knut var gift med Gunhild Bårstad f.1859 dotter til Peder Thorsen Bjørnstad f.1831 og Ingebjørg Johannesdotter. I 1890 og 1894 budde familien på Runningen. I 1900 budde dei på Enge, Knut var da skomaker. Knut og Gunhild hadde 2 barn:

Ingebjørg f.1890

Per 1894-1975, neste brukar

I 1934 var det skjøte frå Knut og Gunhild Enget for denne eiedommen og gnr. 9 bnr. 4 for kr 2500 samt føderåd verdsett til kr 2000. Per vart 1930 gift med Kari H Teigplassen 1891-1997, dei hadde 2 barn:

Knut 1930-1992, neste brukar

Margrethe f.1933

Knut overtok i 1971. Han vart 1953 gift med Toline Oustad, Sel f.1918 dotter til Anton Oustad f.1880 og Marit Kolstad f.1882. Knut og Toline hadde 2 barn:

Kari f.1955, g.m. John Karlevoll, Salhus ved Bergen f.1951

Arne f.1957

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Solstad

Oline Karlsen fekk iflg. Norske Gardsbruk kjøpt Solstad gnr. 6 bnr. 3 av broren Iver Bolstad i 1939. Oline var frå Bolstad, dotter til Østen Løvsletten og Embjørg Tungen. Oline Bolstad 1894-1961 vart 1917 gift med Bernt Steinar Karlsen, Verran i Nord-Trøndelag 1880-1944. Frådeling frå Bolstad vart tinglyst i 1941 med skjøte i 1942 på Solstad gnr. 6 bnr. 3 frå Iver Bolstad til B H Karlsen for kr 3250. Oline og Bernt hadde 3 barn:

Sigrid f.1918, neste brukar

Ingrid f.1920

Dagrun f.1922, g.m. Hans Kleiven

Sigrid vart 1945 gift med Jon Lillebråten f.1918, Jon og Sigrid overtok Bolstad i 1949. Dei overtok Solstad i 1972 og flytta frå Bolstad til Solstad i 1980. Jon og Sigrid hadde 3 barn:

Steinar Jarleif f.1946, g.m. Bjørg Lien, Sel f.1950. På Bolstad

Ivar f.1949, neste brukar

Oddny Solveig g.1956, g.m. Arve Ruste

Ivar overtok i 1987. Han vart i 1973 g.m. Randi Lien, Sel f.1853 dotter til Ottar Lien f.1925 og Målfrid Josten f.1930. Ivar har 2 barn:

Bente f.1973

Tore f.1977

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Bolstadlykkja

Bolstadlykkja låg ovanfor Bolstad, ved vegen frå Bårstad til Runningen.

Bolstadlykkja – Bolstadbakken

Tord Olsen var i 1801 husmann under Bolstad. Thor Løkken vart 1776 nemnd i liste over husmannspenger, i 1777 nemnd som Thord Bolstadløkken og 1778 som Thord Olsen. Tord f.ca.1739 vart 1764 gift med Kari Knutsdotter f.ca. 1735 d.1782. Ved skifte etter Kari i 1782 går det fram at dei er på plassen Boelstadløchen under Bolstad. Tord og Kari hadde 2 barn:

Rønoug f.1765

Anne f.1769

Tord vart 1787 gift på nytt med Mari Andersdotter f.ca.1756 d.1835. Tord og Mari hadde 2 barn:

Gunild 1788-1859, neste brukar

Ole f.ca.1799

Gunhild Thorsdotter Bolstadeie vart 1815 gift med Amund Knutsen Snerleeeie Svarvarhaugen 1793-1824. Ved barnefødsjar budde dei i 1815 på nedre Skåreie og i 1817 på Veggumseie, medan Kari i 1824 var attendekome til Bolstadeie. Amund og Gunnild hadde 3 barn:

Marit 1815-1815

Marit/Mari 1817-1903

Kari f.1824

Kari f.1824 hadde med Poul Arnesen Skogum Bjølstadeie sonen

Arne Paulsen f.ca.1846, i 1865 var han skomaker og husmann utan jord i Bolstadlykkja. I 1875 var Arne husmann med jord i Nystuen under Taulstad.

Mari 1817-1903 vart i 1875 nemnd i Bolstadlykkja som huseigar og dagarbeiderske. Også i 1865 budde Mari og dottera i Bolstadlykkja. Mari hadde med Ole Olsen Snerle dottera

Gunild f.1838, ho hadde med Hans Jacobsen Høyberg, Sel sonen Jakob Hansen f.1857

Peder Erlandsen f.1831 var i 1865 losjerande på Bolstad, i 1875 var han inderst og leigending på Runningen. I 1900 var Peder husmann utan jord på Bolstadbakken, også i 1920 var han

husmann på Bolstadbakken. I 1910 vart han registrert i Bolstadlykkja, men det var nok same plassen. Han vart i 1910 nemnd som Per Bolstad og i 1920 som Peder Kleven. Stadnamnkart viser at Bolstadlykkja var ved vegen midt mellom Bårstadhågå og Runningen. Perlykkja var også der, men nærare Bårstadhågå og kanskje har dette namn etter Peder Erlandsen.

Bolstadlykkja

I 1804 bygsla Johannes Olsen Lien/Bolstad garden Bolstad. Johannes f.ca.1762 d.1837 var son til Ole Svensen Lien Bolstad f.ca.1729 f.1804 og Mari Hansdr. Høye, Ringeby 1734-1789. Men Johannes hadde bygselen av Bolstad berre til 1812, da overtok broren Sven Olsen bygselen av Bolstad og Johannes fekk føderåd. I flg. Torgrim Hegdal flytta Johannes og familien til Bolstadlykkja da plassen vart ledig ca. 10 år etter at han gav frå seg på Bolstad. Dette kan bety at Tord Olsen har gått bort og at familien etter han ikkje dreiv jorda, men heldt fram med å bu der. Johannes har såleis overteke og etablert seg med nye hus. Johannes vart 1804 gift med Mari Poulsdotter Slette 1769-1852 dotter til Pål Olsen Slette Selsjord f.1728 og Kari Olsdr. Faukstad f.1740. Johannes og Mari hadde 4 barn:

Ole 1805-1891, neste brukar

Poul f.1806

Hans f.1810, g.m. Ragnhild Olsdotter Bakken f.1814. Til Øyhusom.

Jacob 1813-1814

Johannes hadde med Marit Halvorsdr. Bjølstadeige 1782-1866 1 barn:

Mari f.1804

Ole Johannesen var i 1865 og 1875 husmann med jord i Bolstadløkken. Ole vart 1842 gift med Ymbjør Paulsdotter Stokstad nørdrø 1813-1877 dotter til Paul Larsen Stokstad og Mari Hansdr. Stade f.ca.1790 d.1846. Ole og Ymbjør hadde 4 barn:

Mari f.1840, ugift hadde barna Paul Isaksen f.1868 og Ingeborg Larsdr. f.1871. Ingeborg hadde med Jon Kristensen Flatom sonen Mathias Johansen Bolstadløkken f.1898, han budde her i 1900, 1910 og 1920.

Mari f.1844

Johannes 1848-1921, neste brukar

Poul f.1853, g.m. Hansine Oline Charlotte Martha Pedersdr. Slotsvig, til Bergen

Ole hadde med Ingrid Rasmusdr. Bjørnstad 1 barn:

Mari f.1830

Johannes var i 1900, 1910 og 1920 husmann i Bolstadlykkja. Johannes vart 1880 gift med Mari Gudbrandsdotter Rottemseie Melsætra f.1856 dotter til Gudbrand Hansen Rottemeseie f.ca.1825 og Ingri Christensdotter Rottemseie f.ca.1826. Johannes og Mari hadde 3 barn:

Mari 1878-1959, g.m. Emil Pedersen Rønning, Sør-Fron 1882-1968. Til Vinstra

Ymbjør 1883-1978, g.m. Ivar Larsen Sveen 1879-1944. Til Skogstad.

Paul 1890-1891

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Torgrim Hegdal, Årbok for Gudbrandsdalen 2023: Kor vart det av Paul Olsen Bolstad

Torgrim Hegdal: om Mari f.1878 og Ymbjør f.1883

Runningen – Hagen

Dette bruket har vorte kalla både Runningen og Hagen.

Jordbok 1661 viser at dette bruket vart nemnd som ein rydningplass med namnet Ørtug med skyld 2 skinn. Eigar og brukar var Engelbret Olsen. Matrikkelen 1668 viser ein rydningplass ved Bjørnstad på 2 skinn som vart kalla Ødeteig og vart brukt av Engebret Olsen som også var eigar. Namnet Ørtug brukt i 1661 kan vera feilskrivning eller feiltolking av Ødeteig.

Ødeteig betyr ein teig som låg øyde, og med hus der kan dette vera det same som Øyhusom som ligg på Bjørnstadgrunn like vest for Runningen. Det kan tenkjast at desse 2 skinna har omfatta både Øyhusom og Hagen som seinare vart nemnd med 1 skinn.

((Etter matrikkelen 1668 var Anne Hagen brukar på ein rydningsplass, men det var kanskje ikkje her.))

Manntalet 1666 viser på Rydningen den 16 år gamle Gulbrand Engelbretsøn, truleg var det sonen til han som var brukar i 1661. Gulbrand Rødningen vart i 1672 nemnd å ha odelsrett på ei halv hud i Håmår.

Skoskatten 1711 nemnde Rasmus Hagen med kvinne og eitt barn. I 1714 var det skifte etter Rasmus Olsen og året før etter Sigri Gundersdotter. Rasmus og Sigrid hadde 2 barn:

Tore g.m. Ole Koldstad, neste eigar
Anne f.ca.1704

Etter matrikkelen var Ole Christensen Koldstad eigar av Hagen 1 skinn i 1723, medan brukar var Thor Christensen.

((I 1723 var det skjøte på Hagen 2 skinn frå Christen Pedersen Koldstad og Nils Olsen Rudser til Tord Fredrichsen for 32 rd. I 1724 var det skjøte på Hagen 2 skinn frå Thor Fredriksen til sin bror Ole Fredriksen for 32 rd. Men dette var kanskje ikkje her.))

I 1731 var det skjøte frå Ole Jonsen Koldstad i Lom til Ole Gundersen Rødningen på gårdplassen Hagen av skyld 1 skinn for 60 rd., dette omfatta også odelsretten. Ole Gundersen var bror til Sigrid Gundersdotter som hadde bruket før. Ole Gundersen d.ca.1736 var gift med Synnølv Christensdotter som det var skifte etter i 1743. Ole og Synnølv hadde 2 barn:

Anders f.ca.1723, neste eigar
Guri f.ca.1728

Synnev var tidlegare gift med Rasmus Mortensen, dei hadde 6 barn:

Anne Rasmusdtr., g.m. Niels Madsøn
Randi Rasmusdtr. f.ca.1708
Marit Rasmusdtr. f.ca.1711
Morten Rasmussen f.ca.1713
Berit Rasmusdtr. f.ca.1714
Christen f.ca.1718

I 1744 var det skifte etter Knut Gundersen, han var bror til Sigri og Ole.

I 1747 vart det utskrivi pantebrev på Rødningen 1 skinn for 69 rd, avdøde tidlegare eigar var Ole Gundersen. Jørgen Larsen brukar Rødningen som pant til nokon av odelsarvingane kan innløyse dette.

I 1757 var det skjøte på Rødningen eller Hagen skyld 1 skinn frå Anders Olsen til Ole Christensen for 200 rd. Ole Christensen hadde bl.a. sonen
Arne

I 1764 var det skjøte på garden Hagen 1 skinn frå Ole Christensen Hagen til yngste sonen Arne Olsen. I 1774 var eigar av Rødningen Arne Olsen da han pantsette garden og alt anna han eig for eit lån 120 rd frå Poul Hansen Toldstad. Ole Christensen pantsette føderåda si. Pantobligasjonen var betalt i 1781. Arne Olsen vart 1758 gift med Randi Ellefsdotter, dei hadde 2 barn:

Marit g.m. Ole Amundsen husmann under Lien

Imbiør 1766-1848, g.m. Lars Andersen Svenstad 1757-1814, til Rusten u. Kleiven

Arne Olsen selde plassen Hagen 1 skinn til Svend Pedersen med skjøte 1780 for 174 rd. Svend Pedersen var truleg han som hadde Bårstad og seinare øvre Bjørnstad.

Soldat Østen Arnesen f.ca.1731 d.1805 vart 1764 gift med Kari Poulsdotter f.ca.1754 d.1830. I 1801 var Østen husmann på Rudi i Heidal som truleg var Skogum. Da Østen døydde i 1805 var han på Hagen. Dei hadde 4 barn:

Arne 1765-1819, neste brukar

Marit f.1770, ugift i 1801

Synne 1773-1855, på Skogum/Bjølstadeie

Rønnov f.1781

Arne Østensen fekk i 1794 skjøte på Hagen 1 skinn frå Swend Pedersen. Arne Østensen var i 1801 skysskaffar og husbond på Hagen. Det var både Arne og faren som skreiv ut ein panteobligasjon på Hagen i 1802. Arne vart 1812 gift med Rønnov Hermansdotter f.ca. 1775 d.1843 frå Snerleeie. Ved fødsel i 1817 var dei på Rydningen, medan Rønnov var på Bjølstadeie (truleg Skogum) da ho døyddei 1843. Arne og Rønnov hadde 3 barn:

Østen 1812-1889, neste brukar

Hans f.1814, g.m. Mari Andersdr. Baarstadeie 1818-1889. Til Baarstadeie / Svastuen

Poul f.1817, g.m. Anne Jakobsdr. f.1828

I 1847 fekk Østen Arnesen skjøte på Hagen eller Rydningen 1 skinn frå brørne sine Hans og Paul. I 1849 var det skjøte frå Østen Arnesen på denne gard 1 skinn til Hans Knudsen nördre Stade for 100 spd, men i 1853 var det skjøte attende frå Hans Knudsen til Østen Arnesen for 80 spd. Østen Arnesen Bjølstadeie vart 1849 gift med Marit Svendsdotter Bolstad f.ca.1813 dotter til Svend Olsen Bolstad f.ca.1771 d.1842 og Mari Hansdr f.ca.1786 d.1864. Ved barnefødsel i 1850 og 1852 var Østen og Marit på Rødningen, medan dei i 1857 og 1858 var på Bjølstadeie. Dei var også i Skogum i 1865 og 1875. Østen og Marit hadde 4 barn:

Rønnog f.1850, neste brukar

Arne f.1852

Mari f.1857, neste brukar

Anders f.1858, g.m. Kari Rindhølen

I 1865 var Anders Olsen f.ca 1805 og Kari Olsdr. f.ca.1801 husmenn utan jord på Rydningen som var bruk under Østen Skogum. I 1875 var den ugifte Peder Erlandsen f.ca.1844 leiglending og inderst. Det ser dermed ut til at Østen sjølv brukte Runningen medan han budde på Skogum i Heidal.

I 1900 var Rønnaug f.1850 og Mari f.1857 forpaktarar av gardsbruket. Rønnaug var ugift og hadde dottera

Kari Toresdotter f.1888

Også brorsonen Østen Andersen budde på Rydningen i 1900. I 1910 vart Rønnaug nemnd som gardbrukar og sjølveigar, dottera var budeie.

I 1918 var det skjøte på Rydningen gnr. 7 bnr. 1 frå Anders og Rønnaug Skogum (som da var einaste arvingane etter Østen Arnesen) til Anders Kjelby, Lillehammer for kr 10000. Ein parsell Solberg gnr. 7 bnr. 2 vart frådelt før salget, og ein stugubygning skulle flytjast dit.

I 1921 var det skjøte frå Anders Kjelby til Østen Skogum for kr 7500. Østen Andersen Skogum, Heidal 1893-1984 son til Anders Østensen f.1858 og Kari Rindhølen. Østen vart 1918 gift med Anna Jakobsdotter Stadelykkja 1899-1979 dotter til Jakob O. Sanden. Østen og Anna hadde 13 barn:

Kari f.1919

Pål f.1921

Jakob f.1923

Gunhild f.1925

Astrid f.1926

Mari f.1929

Rønnaug f.1931

Anders f.1933

Øyvind f.1936

Johan f.1938 neste brukar

Arne f.1940

Svein f.1942, seinare brukar

Einar f.1946

Johan Skogum overtok etter foreldra i 1963.

Svein Skogum overtok etter broren i 1990. Svein vart 1965 gift med Åse Sveen søre f.1946 dotter til Ola P Sveen 1908-1991 og Ragnhild Bakken 1914-1985. Svein og Åse har 3 barn:

Ivar f.1965, sbm Lise Veikleenget

Randi Anita f.1968, sbm. Per Gunnar Rostløyken

Grethe f.1970, sbm. Bjørn Åbakken

Stein Roger Skogum Rostløyken f.1993, son til Randi Anita Skogum og Per Gunnar Rostløyken, overtok etter besteforeldra i 2018.

Kjelder:

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900

Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Digitalarkivet: Panteregister
Utskrifter tingbøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Jakup Skjedsvoll, Gudbrand 1-2015: jordebok 1661
Arnfinn Engen 2011: Gards- og slektshistorie for Heidal, bind 1